



MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 06.12.2018
Vår ref.: 2017/2573-21
Saksbehandlar: helmoe_
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn, nyare tids kulturminne - Reguleringsplanarbeid for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy - Meland kommune.

Vi viser til fråsegn frå Hordaland fylkeskommune av 08.11. 2018, vår referanse 2017/2573-15, vedkomande detaljregulering for sørvestre del av Flatøy.

Fråsegnet vedkomande nyare tids kulturminne i fylkeskommunens brev av 08.11. 2018

I den delen av fråsegnet som gjaldt kulturminne og kulturmiljø, *nyare tids kulturminne*, skreiv vi at det innanfor planområdet, på gnr.1, bnr. 2, 5, og 7, mellom anna ligg ei løe med fjøs og eit våningshus som er SEFRAK-registrert og som er planlagt reve. I opplysningar vi hadde funne fram til om gardsbruket er dei to nemnte bygningane omtalt som gamle, og ombygd i 1899. SEFRAK-registreringa skildrar at den nordre stova i våningshuset er mykje eldre enn frå siste del av 1800-talet, og truleg fleire hundre år gamal. Vi ønskte difor å gjere ei synfaring på staden for å kunne gjere ei nærare vurdering av alderen på bygningane.

Vi bad om at det i føresegnene blir stilt krav om kulturminnedokumentasjon av våningshuset og løa, gnr 1, bnr 2,5 og 7, før søknad om riving eller flytting. Vidare bad vi om at kryssa på bygningane blir tekne vekk frå plankartet og at bygningane ikkje blir reve eller flytta før tiltaket på området skal utførast.

Synfaring 21.11. 2018 for nærare vurdering av alder på bygning

Vi har nyleg motteke ein rapport etter synfaring 21.11. 2018. Rapporten, som berre omtalar våningshuset, konkluderer med at sjølv om det tømmeret ein såg har eit preg som samsvarer med perioden kring slutten av 1800-talet, er det ingenting som utelukkar at dette kan vere gjenbruksmateriale. For å slå fast dette må kledning fjernast innvendig og utvendig slik at det er mogeleg å ta dendokronologiske prøver.

Justert kulturminnefagleg fråsegn for nyare tids kulturminne

Innafor planområdet, på gnr. 1, bnr. 2,5, 7 ligg mellom anna ei løe med fjøs og ei lemstove som i følge SEFRAK.-registeret er frå slutten av 1800-talet, men den eine stova i lemstova kan vere eldre. Løa med fjøs er i da nytta som lager. Den er opplyst å vere frå slutten av 1800-talet, men fjøset kan vere frå gamle buer i Bergen. Lemstova har god tilstand, får jamt vedlikehald, og er i bruk som heilårsbustad. Lemstova er ein type bygning som har kulturminneverdi, og bør takast vare på.

Vi ber om at det i føresegnene blir stilt krav om kulturminnedokumentasjon av lemstova og løa med fjøs på gnr. 1, bnr. 2,5 og 6, før ein søknad om riving eller flytting. Dersom bygningane eller delar av bygningane er eldre enn 1850, er dei meldepliktige, jf. kulturminnelova § 25.

Vi ber om at kryssa på bygningane blir tekne vekk frå plankartet og at bygningane ikkje blir reve eller flytta før tiltaket på området skal utførast.

Dersom lemstova blir omsøkt reve, ber vi om at det takast dendrokronologiske prøver av den nordre stova.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Helene Moe
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lars Petter Klem